



Tokke

Temaplan for naturmangfold

Planprogram

Tokke kommune
Vedteke i kommunestyret [dato og saksnr]



Innhold

| | |
|---------------------------------|---|
| Bakgrunn for planarbeidet | 2 |
| Mål..... | 2 |
| Rammer og føringar | 2 |
| Internasjonale føringar..... | 2 |
| Nasjonale føringar | 2 |
| Regionale føringar | 3 |
| Lokale føringar | 3 |
| Tema i planarbeidet | 3 |
| Planprosess..... | 4 |
| Prosjektorganisering..... | 4 |
| Medverknad | 4 |
| Framdriftsplan | 5 |

Bakgrunn for planarbeidet

Tokke kommune har fått støtte frå Miljødirektoratet si Natursats-ordning til å utarbeide ein temaplan for naturmangfald. Planen skal vere eit strategisk verktøy som løftar naturen på den lokalpolitiske dagsordenen og gir retning for korleis kommunen kan ta vare på og forvalte naturverdiar i planlegging og sakshandsaming.

Kommunen har mange naturverdiar av både regional og nasjonal betydning, men manglar eit samla kunnskapsgrunnlag for naturmangfaldet. Kartlegging skjer ofte i samband med enkeltprosjekt, noko som gir fragmentert informasjon og utfordrar ei heilskapleg forvaltning. Temaplanen skal difor bidra til ei meir systematisk, kunnskapsbasert og berekraftig tilnærming til naturforvaltninga i Tokke.

Mål

Målet med temaplanen er å styrkje kunnskapen om natur og naturverdiar i Tokke kommune og leggje til rette for ei berekraftig og langsiktig forvaltning av naturgrunnlaget. Arbeidet skal samle, vurdere og systematisere eksisterande kunnskap, peike på manglar og foreslå mål, strategiar og tiltak som styrkjer omsynet til natur.

Planen skal bidra til å redusere bit-for-bit-nedbygging og peike ut område med behov for vidare kartlegging. Ho skal vere eit praktisk verktøy i kommunal forvaltning, i tråd med nasjonale forventningar og retningslinjer for arealplanlegging, og danne eit viktig grunnlag for revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Samstundes skal temaplanen vere ei tilgjengeleg kjelde til kunnskap for innbyggjarar, grunneigarar og utbyggjarar, og bidra til større forståing for naturmangfald, naturverdiar og økosystemtenester i kommunen.

Rammer og føringar

Planarbeidet skal byggje på internasjonale, nasjonale og regionale føringar for forvaltning av naturmangfald. Desse legg premisser for kunnskapsgrunnlag, prioriteringar og oppfølging av naturmangfald i kommunen.

Internasjonale føringar

Internasjonale avtalar og mål skal leggjast til grunn for planarbeidet, mellom anna:

[FNs berekraftsmål](#)

[Kunming–Montreal Global Biodiversity Framework \(den globale naturavtalen\)](#)

Nasjonale føringar

Planarbeidet skal ta utgangspunkt i sentrale nasjonale lover og styringsdokument, mellom anna:

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027v](#)

[Lov om forvaltning av naturens mangfald \(naturmangfaldlova\)](#)

[Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#)

[Meld. St. 14 \(2015–2016\) Natur for livet](#)

[Meld. St. 35 \(2023–2024\) Berekraftig bruk og bevaring av natur](#)

Regionale føringar

[Telemarksplanen - Regional planstrategi \(2024–2028\)](#)

Regional planstrategi for Telemark (2024–2028) skal leggjast til grunn for planarbeidet. Satsingsområdet Naturrike Telemark, med mål om å ta vare på natur-, jordbruks- og kulturverdiar i fylket, er særleg relevant for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald.

[Heiplanen - Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.](#)

Planarbeidet skal også sjåast i samheng med relevante regionale planar for naturforvaltning i området, og med vidare arbeid knytt til villreinforvaltning.

Lokale føringar

[Kommunal planstrategi for Tokke kommune 2024–2027](#)

Kommunal planstrategi for Tokke kommune 2024–2027 peikar på behovet for oppdatert kunnskap om naturgrunnlaget i kommunen og prioriterer arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i planperioden.

chrome-

extension://efaidnbmnnnibpcajpcgicfindmkaj/https://www.tokke.kommune.no/download/18.34951818193deb62ce11f6b9/1737120088277/Planstrategi%20for%20Tokke%20kommune%202024-2027.pdf

[Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016–2028](#)

Kommuneplanen sin samfunnsdel (2016–2028) er kommunen sitt overordna styringsdokument og legg langsiktige mål og strategiar for utviklinga av Tokkesamfunnet. Planen framhevar naturressursane, kulturlandskapet og naturgrunnlaget som viktige føresetnader for busetjing, næringsliv og livskvalitet i kommunen.

[Kommuneplanen sin arealdel for Tokke kommune](#)

Kommuneplanen sin arealdel fastset dei overordna rammene for arealbruken i kommunen og legg føringar for bruk og vern av areal gjennom mellom anna LNF-område, omsynssoener og planføresegner knytt til natur- og miljøverdiar. Samla gir desse planane viktige lokale føringar for korleis naturmangfaldet skal takast omsyn til i vidare planlegging og arealforvaltning i Tokke kommune.


Tema i planarbeidet

Planarbeidet skal bidra til å styrkje kunnskapen om naturmangfaldet i Tokke kommune og gi eit betre grunnlag for berekraftig arealforvaltning. Relevante tema kan mellom anna vere kartlegging og vurdering av naturverdiar, som naturtypar, artar og leveområde, samt samanhengen mellom natur, kulturlandskap og arealbruk.

Vidare kan myr- og våtmarksområde, beite- og friluftsområde, villreinområde, truslar mot naturmangfald og førekomst av framande artar inngå i arbeidet, så langt det er føremålstenleg og innanfor ramma av tilskotet. Oppramsinga er ikkje utfyllande eller avgrensande, men skal illustrere aktuelle tema som kan vere relevante i planarbeidet. Planen skal bidra til å identifisere særleg verdifulle område og peike på behov for vidare oppfølging i framtidige planar og tiltak.

Planprosess

Temaplanen skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan. Framlegg til planprogram vert først lagt ut til høyring og offentlig ettersyn før politisk handsaming. Når planprogrammet er ferdigbehandla, vert sjølve temaplanen utarbeidd. Deretter skal planen forankrast politisk før han vert sendt ut på høyring og offentlig ettersyn. Etter at merknader frå høyringa er vurderte og eventuelle justeringar er gjorde, vert planen lagt fram til endeleg politisk forankring.



Figur 1. Planprosess for kommuneplans arealdel/kommunedelplan. Henta og tilpassa frå rettleiar for kommuneplans arealdel.

Prosjektorganisering

Arbeidet med temaplanen for naturmangfald skal organiserast som eit tverrfagleg prosjekt leia av Tokke kommune, der fagansvaret blir sett ut til ekstern fagkompetanse med relevant erfaring og kompetanse. Kommunen vil koordinere prosessen, sørgje for og sikre politisk forankring.

Medverknad

Medverknad er sentralt for å sikre ei open og inkluderande planprosess. Kommunen vil leggje til rette for deltaking frå innbyggjarar, grunneigarar, organisasjonar og offentlege myndigheiter. Informasjon vert lagt ut på kommunen si heimeside, i lokalpresse og andre digitale plattformer.

Framdriftsplan

Temaplanen skal vere ferdig innan 27. februar 2027.

| Tema | Vår/sommar 2025 | Haust/vinter 2025-20226 | Vår/sommar 2026 | Haust/vinter 2026-20227 |
|-------------------------------------|--------------------|----------------------------|--------------------|----------------------------|
| Oppstart | | | | |
| Politisk forankring | | | | |
| Varsel om oppstart av planarbeid | | | | |
| Utarbeiding av temaplan | | | | |
| Politisk forankring | | | | |
| Høyring og offentleg ettersyn | | | | |
| Ferdigstilling av temaplan | | | | |
| Politisk forankring | | | | |